

Høyringsfråsegn til forslag til nasjonal ramme for vindkraft

Naturen og naturlandskapet i Guddal og Fjaler er viktige for friluftsliv, beiteområde, landbruk og busetjing, leveområde for insekt, plantar, fuglar og dyr. Her er store verdiar som kjem i konflikt med vindkraftutbygging. Flekke- og Guddalsvassdraget er verna, og vindkraftanlegg vil øydelegge for naturverdiar og bulyst, og dermed grunnlaget for busetjing. Guddal og Fjaler kommune må difor takast ut av nasjonal ramme for vindkraft, slik som eit samrøystes kommunestyre i Fjaler har vedtatt.

Naturverdiane i Fjaler er grunnlaget for landbruk og busetjing

I Hovlandsdal i Guddal, som er heimbygda mi, driv foreldra mine gardsbruk med storfe, mjølkeproduksjon og sau. Beite i utmark er grunnlaget for landbruksdrift i våre område. Både storfe og sauer beiter i utmarka. Kyrene beiter i fjellet, men går ikkje so høgt som sauene. Sauene beitar i fjellområda over Hovlandsdalen, mot Langevatnet og vidare mot Slettheia, Kvitefjellet, Høgenova, Blåfjellet og Robba. Dei beiter også mot Tauning. Dette fjellområdet ligg i kommunane Fjaler, Hyllestad og Høyanger. Her går beitedyr frå Fjaler, Hyllestad og Høyanger, og bøndene i desse områda har ikkje andre alternative beiteområde. Det er difor særst merkeleg at NVE har peika ut dei einaste beiteområda for bønder i kommunane Fjaler, Hyllestad og Høyanger, som eigna til vindkraft.

Fjellområda er kuperte og vindkraftanlegg vil krevje store terrenginngrep som vegar, fyllingar og skjeringar. Dette vil øydelegge beiteområda og svekke landbruksnæringa. Tilgang på gode beiter er avgjerande for landbruksdrift og busetjing i Guddal. Dersom det kjem vindkraftanlegg i bygda, vil det dermed øydelegge for busetjinga i Guddal.

Friluftsliv

I Fjaler er det mogleg å utøve eit aktivt friluftsliv heile året. Frå Hovlandsdal går det merka sti til Langevatnet. Her er det mogleg å gå vidare mot Høgevarden og Skilbreia, eller mot fjellområda i Hyllestad og Høyanger. Området er utan tekniske inngrep og er difor registrert som eit inngrepsfritt naturområde (INON – område). Det er truleg difor områda er mykje brukt friluftsområde av innbyggjarar i kommunane Fjaler, Hyllestad og Høyanger, men også frå andre kommunar. Å gå i naturen for å finne ro og rekreasjon, er viktig for livskvalitet og folkehelse. Inngrepsfrie naturområde er sjeldsynt, og i Fjaler ligg det tre INON – område nord, sør og aust for Flekke- og Guddalsvassdraget. Desse har NVE, truleg ved ein feil, peika ut som eigna for vindkraft. Områda eignar seg ikkje for vindkraftanlegg, fordi det vil vere i sterk konflikt med friluftsliv og samanhengande naturområde.

Foreldra mine har dyr på utmarksbeite og det vert difor jamnleg turar til fjells for å halde tilsyn med dyra. Vi har kort veg frå husa og opp til fjellområda. Ved Langevatnet og støylsområdet er det fleire gjetarbuer som vert aktivt nytta heile året. Fisken ved Langevatnet, som er ein del av det verna Flekke- og Guddalsvassdraget, er av matkvalitet på grunn av kalkingsarbeid. Sidan det er store friluftstinteressert i området, må områda ut av nasjonal ramme for vindkraft.

Store verneverdiar, utan at områda er fullstendig kartlagt

Fjellområda er leveområde for store og små under, insekt, plantar, fugl og dyr. Områda våre er lite kartlagde, og det er difor knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i våre område. Naturverdiane i området kan difor vere større enn det vi kjenner til i dag, noko som krev ei

føre – var – haldning. Det vi veit er at det er ørn, hønehaug og ryper som er raudlista med kategori nær trua (NT) i fjellområda. Vindkraftanlegg vil vere øydeleggande for dette fugle- og dyrelivet, og difor kan det ikkje byggast vindkraftanlegg i desse fjellområda.

Vindkraftanlegg vil øydelegge bulysta i Guddal og Fjaler kommune

I Fjaler har vi urørt natur, som er ein viktig grunn til at folk bur og lev her. Mange unge vel å flytte tilbake til Fjaler, nettopp på grunn av at vi har urørt natur nær oss. Fjaler har fjellområde og naturområde det er mogleg å utøve eit variert friluftsliv i, både sommar og vinter. Ein avgjerande grunn til at eg flytta tilbake til Fjaler etter eg var ferdig utdanninga mi, er fordi eg kan utøve friluftsliv i nærområdet mitt, utan bruk av bil eller motorisert køyretøy. Eg ser på vindkraftanlegg i naturen som øydelegging av naturverdiar. Vert det plassert vindkraftanlegg i våre område og i heimbygda mi Guddal, vil vi ikkje kunne utøve friluftsliv slik som før, fordi vindkraftanlegg vil øydelegge naturområda. Det vil gå ut over livskvaliteten til dei som bur og lev her. Naturlandskapa våre er dei viktigaste rekreasjonsområda, fordi dei finst i nærområdet, og kan lettare nyttast enn område som vi må bruke bil til. Redusert livskvalitet som følgje av vindkraftanlegg, og alt det inneberer med støy og tap av naturområde, vil føre til redusert bulyst i grendene våre. Då misser bygda og Fjaler ein avgjerande faktor for at vi skal halde fram å bu her.

Demokratiske prosessar vert satt til side

01.04.2019 vart forslag til nasjonal ramme for vindkraft sendt ut på høyring. Allereie 10.04.2019 vart grunneigarar i Guddal, heimbygda mi, tilskrivne av vindkraftutbyggjaren Zephyr. I møte med grunneigarar brukar dei det eg opplev som hersketeknikkar og andre verkemiddel. Dei prøver å få grunneigarar til å inngå avtalar, for at dei skal kunne nytte fjellområda våre fritt til vindkraftanlegg. Vindkraftutbyggjar tilbyr mellom anna varmestove og pengar i byte mot fjellområda våre. Dette gjer dei allereie før høyringsfristen til nasjonal ramme er ute. Fjaler kommunestyre sa samrøystes 17.06.2016 at områda ikkje er eigna til vindkraftutbygging, og at Fjaler må takast ut av nasjonal ramme for vindkraft. Likevel har Zephyr nyleg kalla inn grunneigarar til eit nytte møte, sjølv om både innbyggjarar, grunneigarar og kommunen, ikkje ynskjer vindkraftanlegg i våre område. Eg er sterkt kritisk til at demokratiske prosessar ikkje vert fulgt, og at grunneigarar i stor grad må kjempe åleine mot storkapitalen.

Redusert forbruk, i staden for tilrettelegging for meirbruk

I Noreg er det kraftoverskot og det er mogleg å oppgradere eksisterande vasskraft, og få like mykje energi - men grøn energi - som det som er planlagt gjennom nasjonal ramme for vindkraft. Det er dessutan ikkje lagt fram dokumentasjon, som syner at auka eksport av fornybar energi frå Noreg til Europa, vil gje reduksjon av CO₂ – utslepp frå EU. Det er difor ikkje naudsynt å øydelegge naturen vår, til lita eller inga nytte for klimaet. Forslag til nasjonal ramme for vindkraft bør difor forkastast. I staden bør det fokuserast på å redusere forbruket, og eventuelt oppgradering av eksisterande vasskraft.

Linn Hovlandsdal